



# **Arbeidsprogram 2016-2018**

Vedteke på Barne- og ungdomstinget 2016



Arbeidsprogrammet 2016 til 2018 er prioriteringa av sakar som er gjort av LNU sine medlemsorganisasjonar for dei komande to åra. Programmet er byggja på dei politiske vedtaka som representantskapet i LNU har gjort i Barne- og ungdomspolitisk program og i resolusjonar. Det er ikkje meininga at dette programmet skal vere ein stad der ny politikk bli vedteke.

Dei tre arbeidsområda til LNU – forvaltning, kompetanse og interessepolitikk – er alle tre dekkja av programmet. Målet med programmet er å vere ei bestilling frå representantskapet til styret om kva slags områder LNU skal prioritere å jobbe med dei komande to åra.

## 1. Rammevilkår

Ei kjerneoppgåve for LNU som interesseorganisasjon er å sikre gode rammevilkår og ei ubyråkratisk samhandling mellom styresmaktene og barne- og ungdomsorganisasjonane. Kulturdepartementet er som koordinerande departement for frivillige organisasjonar den viktigaste premissleverandøren for frivillig sektor. Vi legg merke til at det er langt mellom dei politiske måla i Frivilligerklæringa og verkelegheita som organisasjonane lever i. LNU si fremste oppgåve blir å sikre tilstrekkelege og langsiktige økonomiske ordningar for organisasjonanes nasjonale og internasjonale arbeid, samtidig som vi skal bidra til å minke byråkratiet og såleis frigjere ressursar til aktivitet.

### I perioden 2016-2018 skal LNU:

- a) Jobbe for at vekst i støtta til barne- og ungdomsorganisasjonane skjer i form av frie middel framfor i prosjektmiddel.
- b) Jobbe for opprettinga av ei støtteordning for barne- og ungdomsorganisasjonar som arbeider med FN sine berekraftsmål.
- c) Vere ein pådrivar for at det blir laga ei felles definisjon av sentrale omgrep som ”teljande medlem”, ”teljande lokallag” og ”frivillig organisasjon”. Desse definisjonane må takast i bruk i relevante dokument og regelverk.
- d) Auke presset på kommunane og fylkeskommunane for å gje barne- og ungdomsorganisasjonane tilgang til eigna lokale.

## 2. Barne- og ungdomspolitisk påverknadsarbeid

LNU sitt arbeid for at alle barn og unge skal ha like mogelegheiter til å delteke aktivt i samfunnet må i perioden ta spesielt omsyn til situasjonen kring flyktningane. Systematisk marginalisering, hatytringar og utanforskap skapar grobott for ekstremisme. Rolla til barne- og ungdomsorganisasjonar i inkluderinga må anerkjennast. LNU vil jobbe for eit meir inkluderande organisasjonsliv. Barnefattigdom kan også skape utanforskap og eksklusjon, som kan hindre realiseringa av barn sine rettar.

### I perioden 2016-2018 skal LNU:

- a) Jobbe med omsorgssituasjonen, rettar for og inkludering av einslege, mindreårige asylsøkarar i samfunnet. I 2016 vil LNU gjennomføre ein kampanje med dette temaet.
- b) Utarbeide informasjon og ressursar til frivillige organisasjonar om korleis ein best kan drive aktivitet på asylmottak
- c) Opprette eit utvekslingsprosjekt med eit landsråd i Øst-Afrika, med mål om å utveksle erfaringer i motarbeid og førebygging av radikalisering og ekstremisme.
- d) Arbeide målretta for å dempe konsekvensane av barnefattigdom. Den beste måten å inkludere barn frå fattige familiar i frivilligheita vil vere gode støtteordningar til drift som sikrar at organisasjonane kan redusere kontingentar, deltakaravgifter og andre eigenbetalingar.
- e) Jobbe for at ungdom blir inkludert i den nasjonale implementeringa av berekraftsmåla til FN. Eit fyrste skritt vil vere å etablere ei ungdomsdelegatordning.
- f) Delta aktivt i utviklinga av ein spillpolitikk som setter ansvarlege spill først. Som mottakar av overskot frå Norsk Tipping skal LNU vere ein kritisk støttespelar til einerettsmodellen.
- g) fremme retten til utdanning for politisk forfølgde studentar saman med norske myndigheter. Mellom anna gjennom å støtte at Students At Risk skal bli ei permanent ordning i Noreg og andre europeiske land.



### 3. Medverknad

Over halvparten av befolkninga i verda, men berre 5 prosent av parlamentsmedlemmer i verda, er under 30 år. Noreg har kome langt i å gje ungdom innverknad, men ungdom er framleis underrepresentert i folkevalte organ og andre styrer og råd med formell makt. Demokratiet blir mindre legitimt og avgjerdene dårlegare viss ungdom blir hindra i å delteke.

#### I perioden 2016-2018 skal LNU:

- a) Jobbe for at stemmerettsalderen blir redusert til 16 år.
- b) Jobbe for å auke valdeltakinga til ungdom i stortings- og sametingsvalet i 2017, basert på erfaringane frå dei to vellykka forsøka med nedsett stemmerettsalder.
- c) Utarbeide nasjonale standardar og anbefalingar for kommunale ungdomsråd, basert på dei fem prinsippa til LNU for reell medverking i samarbeid med BLD, KMD og Barneombodet.
- d) Utvikle FN-delegatordningane i Noreg og Europa til å bli mekanismar for ungdom si deltaking i globale prosessar.
- e) Bygge alliansar med eit mål om oppretting av ein permanent struktur for ungdomssakar i FN.
- f) Samle inn og systematisere organisasjonars innsats for å sikre barn si medverking i organisasjonsdemokratiet.

### 4. LNU som samarbeidsplattform

LNU skal legge til rette for nettverksbygging, samt gje organisasjonane eit tilbod om opplæring og kurs som utviklar kompetansen i medlemsorganisasjonane. Samarbeidet i LNU skal bygge på det organisasjonane har til felles og ikkje det som skil dei frå kvarandre. LNU sine aktivitetar skal rette seg mot organisasjonane sine sentrallidd, då det er dei som er medlem i LNU.

#### I perioden 2016-2018 skal LNU:

- a) Førebu og planlegge ein medlemsgjennomgang i perioden 2019-2020 med mål om å kvalifisere alle medlemsorganisasjonane på nytt.
- b) Vidareutvikle kompetansemateriellet "Trygg!" for å hindre seksuelt grenseoverskridande åtfærd i frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar.
- c) Opprette et alumninettverk.
- d) Finne samarbeidsformar med barne- og ungdomsorganisasjonar som ikkje oppfyller LNU sine medlemskapskriterier.

### 5. LNU som forvaltar

LNU skal vere ein forvaltar som sikrar barne- og ungdomsorganisasjonane tilgang til støtteordningar som styrkar organisasjonane sin kapasitet og evne til å vekse. Det skal vere eit overordna mål for LNU at ordningane er effektive, enkle å bruke og at dei treffer organisasjonane sine behov. Forvaltninga i LNU vil alltid eksistere i eit spenn mellom tillit og kontroll.

#### I perioden 2016-2018 skal LNU:

- a) Sikre at rutinar og system for søknad og rapportering er så enkle som mogleg, samstundes som dei gir tilstrekkeleg openheit om bruk av midlane. Rapporteringsrutinane skal styrke organisasjonanes læring og utvikling.
- b) Bygge opp kompetanse på sentrale støtteordningar forvalta av andre enn LNU, som momskompensasjon, nasjonal og internasjonal grunnstøtte, studiestøtta og grasrotandelen, for å kunne rettleie medlemsorganisasjonane.
- c) Gå gjennom årshjula i dei ulike ordningane for å lage freistar og rutinar som dekkjer organisasjonane sine behov.
- d) Styrke prosjekt med det ukrainske ungdomsrådet, og oppmode til samarbeid mellom norske og ukrainske barne- og ungdomsorganisasjonar.



## 6. LNU som kompetanseformidlar

Det overordna målet for LNU sitt kompetansearbeid er å bidra til å auke medlemsorganisasjonane sin kapasitet til å oppfylle sine formål og å skape gode aktivitetar for sine medlemmer. LNU og medlemsorganisasjonane er hierarkiske og demokratiske organisasjonar. LNU si oppgåve blir difor å styrke evna og kapasiteten til sentralledda til å utvikle eigen organisasjon. LNU sitt kompetansearbeid skal bidra til trygge, berekraftige, inkluderande og økonomisk solide medlemsorganisasjonar. Gjennom kompetansearbeidet skal LNU hjelpe organisasjonane i å ta aktivt del i samfunnsutviklinga.

### I perioden 2016-2018 skal LNU:

- a) Samle og spreie gode eksemplar der organisasjonar, myndigheiter og andre aktørar samarbeider, for å skape aktivitetar for asylbarn og einslege mindreårige asylsøkarar.
- b) På områder som er særleg viktige for organisasjonsdrift, som økonomi, arbeidsgjevaransvar og styrearbeid, skal LNU samle inn og tilpasse informasjon og kompetanse. LNU skal arbeide for at ny kunnskap enkelt kan bli tatt i bruk i organisasjonane.
- c) Utforme materiell og kurs slik at det er lett for deltakarane å dele kompetansen og erfaringane i egne organisasjonar.
- d) Vidareutvikle ordningane Lån en LNUer og LNUs organisasjonsskole gjennom utvikling av pedagogiske verkemidlar samt å heve det faglege nivået. Målet er kurs som gir organisasjonane relevant fagleg påfyll.